

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8. Fylke: Troms.  
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Sørreisa.  
 Emne: Beit og Brom. Bygdelag: ~~XXXX~~ "Sørstraum"  
 Oppskr. av: Johs. Høihilder. Gard: Sørstraum.  
 (adresse): Sørreisa. G.nr. 26. Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Oppskrifta er etter Henrik Eriksen - 86. år gamal og kona hans, Ane Eriksen - 83. år gamal.

-----

1. Både beit og brom har vore brukt. Beit var fint ris av helst ungbjørk. Brom var fint ris av rogn.
2. Ikkje serleg namn på arbeidet anna enn å ta beit eller brom.
3. Det vart helst tatt av veden som vart heimkøyrd til brendsel.
4. Ein brukte lauvkniv som var lagd av ein ljå med skaft på.
5. Storféet fekk beit og brom tørt og utan iblanding. Småféet fekk ikkje av dette.
6. Ein laga beit og brom etter kvart til dagleg bruk. I godt xver fekk kyrne gå ute og ete ris av bjørk (beit). Brom (av rogn) fekk dei ikkje eta ama enn på båsen då dei vart sjuke om dei åt for mykje brom.
7. Ukjend.

1252



1898